



MØTEBOK

Styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: onsdag 15.06.2016 kl 1800, i samband med generalforsamling

Stad: Telefonmøte

Møtedeltakrar: Vebjørn Håvardsrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS), Marit Jortveit (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Torgils Eide (HG), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

Forfall: Steinar Langesæter (Ullensvang FS)

Andre tilstades på møtet: Trine Hilstad

Saker til styremøtet

Sak 10/16: Samarbeid med fjellstyra i Setesdalen

Sak 11/16: Eventuelt

Vebjørn Håvardsrud/s/

Marit Jortveit/s/

Lars Kristian Eidnes/s/

Torleif Fresvik/s/

Eivind Tokheim/s/

Torgils Eide/s/

Knut Sygnestveit/s/

Georg Gjøstein/s/

Sveinung Olsnes/s/

Dagleg Leiar

Sekretær

Sak 10/16: Samarbeid med fjellstyra i Setesdalen

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det har lenge vore ynskjeleg med eit betre samarbeid innad i regionen (Sør-Noreg sør for Sognefjorden). Fram til no har det vore lite møteaktivitet her.

Fjellstyra i Setesdalen (Suldal, Bykle og Hjelmeland) er ein del av denne regionen. Det vart avhalde eit møte med dei tre fjellstyra måndag 6 juni med sikte på å få til eit betre samarbeid. Utfallet av møtet var at dei ynskjer eit tettare samarbeid. Dette inkluderar og at dei ynskjer å sjå på om det vil vere mogeleg å ha tilsette som utfører tenester for dei tre fjellstyra.

Dei ser på Hardangerviddasamarbeidet som interessant og ynskjer primært å kunne bli ein del av dette som aksjeeigarar i selskapet.

Eit samarbeid med fjellstyra i Setesdalen vil kunne bli veldig positivt for FH. Det er og signal både frå NFS og Statskog at det er ynskjeleg med større einingar.

Ei større eining vil verte meir fleksibel og ha fleire bein å stå på. Ein vil også ha større påverknad mot eksterne prosessar.

Framlegg til vedtak:

Styret ser positivt på eit samarbeid med fjellstyra i Setesdalen. Administrasjonen i samarbeid med styreleiar får fullmakt til å arbeide vidare med dette. Fullmakta gjeld og ei eventuell aksjeutviding i selskapet, der dei tre nye fjellstyra vert medeigarar.

Referat:

Kort innleiing ved styreleiar.

Lars Kristian Eidnes: Har spørsmål til økonomiske konsekvensar av dette.

Georg Gjøstein: Intensjonen er å hjelpe til med større profesjonalitet i drifta av fjellstyra.

Føresetnaden er at dei økonomiske vilkåra vert like for fjellstyra i Setesdalen som for fjellstyra på HV. Dvs bidra med like mykje og få like mykje. Ein føresetnad er at det vert gjeve tilslagn på refusjonsmidlar for auka aktivitet/ny oppsynsordning. Statskog må koplast inn ift dette. denne saka bør gå over litt tid slik at sluttresultatet vert teneleg for alle partar.

Lars Kristian Eidnes: Positiv til forslaget. Bør føre til positiv utvikling i selskapet med fleire oppgåver.

Torleif Fresvik: Det bør arbeidast vidare med dette samarbeidet. Ingen fare å jobbe mot samarbeid. Vedtak må uansett gjerast seinare.

Vebjørn Håvardsrød: meiner ein bør avklare om ein skal gå vidare med dette no og ta detaljar ved seinare høve.

Eivind Tokheim: positivt med auka samarbeid mot Setesdal. Har mykje til felles med desse fjellstyra.

Marit Jortveit: stiller seg positiv til dette forslaget.

Vedtak:

Styret ser positivt på eit samarbeid med fjellstyra i Setesdalen. Administrasjonen i samarbeid med styreleiar får fullmakt til å arbeide vidare med dette. Fullmakta gjeld og ei eventuell aksjeutviding i selskapet, der dei tre nye fjellstyra vert medeigarar.

Sak 11/16: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

1: nye måtar å ferdast i fjellet

Vebjørn Håvardsrud: refererer til sak som var oppe på landsmøtet. Utfordringar med nye måtar å ferdast i fjellet. Hundespann, kiting og sykling vart nemnd.

Torleif Fresvik: Bør samlast å diskutere dette. Lage utgreiing der ein seier noko om nye ferdsleformer. Vil stå sterkare samla enn enkeltvis.

Knut Sygnestveit: einig i at dette bør takast opp. Peikar sps på sykkel og kitiing.

Lars Kristian Eidnes: Må gjerast noko med utviklinga. Få det inn i ordna former.

Vebjørn Håvardsrud: naturleg å ta eit utspeil mot Hardangerviddarådet. Det vart lufta rullering av forvaltningsplan på dialogmøte på Skinnarbu i vår. Det var ikkje gehør for dette. Meiner denne saka ikkje kan fortsetje utan at det vert teke tak i det.

Torleif Fresvik: må spele på Villreinutvalet og Villreinnemda.

Vebjørn Håvardsrud: vanskeleg å regulere denne type aktivitet med dagens regelverk.

Eivind Tokheim: viser til at regionplan for Hardangervidda er tenkt rullert snart.

Sveinung Olsnes: viser til at det no er sett i gang eit ferdselsprosjekt på Hardangerivdda.

Meiner det er vanskeleg å kome nokon veg med enring av regelverk før ein har gode data å vise til. Endring av forvaltningsplan er nykelen til å få regulere denne type ferdsle.

Vebjørn Håvardsrud: Ber om at sekretær fylgjer opp denne diskusjonen og kjem attende med dette som sak til haustmøtet.

2:Lokal tariffavtale for tilsette

Det har vore forhandla fram lokal avtale om bilgodtgjering. I utgangspunktet seier tariffavtala at det er arbeidsgjevar si oppgåve å halde bil, men at det kan forhandlast lokalt om dette. Dette er gjort, men avtala vart raskt oppsagt av dei tilsette. Det kom og fram ynskje frå dei tilsette om at det måtte utarbeidast klare retningslinjer for lokale forhandlingar. Saka er drøfta med NFS. Det er i gang ein prosess mot tilsette der retningslinjer for lokale forhandlingar vert klargjort. Dette skal vedtakast av styret når forslaget er klart.

3:Søknader om sekretariat for Villreinnemdene i Hardangerivddaaområdet og Brattefjell/Vindeggen

FH vedtok tidlegare å søkje om desse sekretariata. Etter fyrste søknadsomgang vann FH tilbodskonkurransen om B/V villreinområde. Dette vart påklaga av Nore og Uvdal kommune og det vart skipa til ny tilbodskonkurranse. I denne runden vart det levert ny søknad, men beklagelegvis så vart det nytt feil epostadresse. Tilbodspapira kom derfor ikkje fram. Dagleg leiar beklagar dette og ynskjer innspel.

Vebjørn Håvardsrud: ingenting å gjere med på noverande tidspunkt. Feil skjer.

4: Felles sakshandsaming

Dagleg leiar meiner det bør vurderast at det vert utarbeidd felles saksframstilling i saker som går til alle fjellstyra. Det er stort sett like meiningar i dei ulike fjellstyra. Her vil ein kunne spare mykje tid. Forslag om at saker som er like vert fordelt av dagleg leiar til ein tilsett som har lyst/kompetanse til å ta saka. Så skal den sendast til lokale fjellstyre for evt lokal tilpassing og vedtak.

Vebjørn Håvardsrød: dette bør ver fornuftig å gjere i mange saker. Viser til at dette vart gjort ifbm forvaltningsplanen.

Torleif Fresvik: fornuftig at nokon gjer grovarbeidet og så vert saka sendt ut. Bør kunne gjennomførast.

Knut Sygnesveit: støttar forslaget.

Lars Kristian Eidnes: støttar forslaget

5:Økonomi og drift

Orientering ved dagleg leiar: ein ligg godt i rute med arbeidet og ein har god kontroll på kostnadssida i budsjettet. Reknar med at det ikkje vert store avvik i budsjett så langt i driftsåret.

Vedtak:

1: styret tek diskusjonen til vitande. Sekretær fylgjer opp dette og legg fram ei sak på haustmøtet.

2: Styret tek orienteringa til vitande.

3: Styret tek orienteringa til vitande.

4: Styret ser positivt på forslaget til dagleg leiar og ynskjer at det for framtida vert teke eit initiativ til felles sakshandsaming i saker som går til alle fjellstyra. Dagleg leiar får ansvar for å koordinere dette.

5:Styret tek orienteringa til vitande.